

MOWI ASA
Sandviksbodene 77A/B
5035 BERGEN

Vår dato: 01.11.2023

Vår ref.: 202312880-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE sin vurdering av Mowi ASA avd. Rovde sine planer om utviding av produksjonen, Vanylven kommune i Møre og Romsdal

Vi viser til brev av 09.08.2023 der Mowi ASA avd. Rovde ber om NVE si vurdering knytt til planar om utviding av anlegget ved Rovde i Vanylven kommune. Planen inneber noko endring i vassforbruk og NVE skal vurdere om denne endringa kan skje innanfor rammene i gjeldande vassdragskonsesjon

Bakgrunn for saka

Mowi ASA har konsesjon etter vassressurslova, gitt av NVE 30.11.2009. Konsesjonen omfattar eit vassuttak på maksimalt 500 l/s (30 m³/min) frå Videildvassdraget. I tida 15. mai - 15. september skal det vere ei vassføring i Videildelva etter uttak på minst 50 l/s. Resten av året skal vassføringa i elva vere minst 25 l/s. Dersom tilsiget er mindre enn desse krava skal det ikkje takast ut vatn til settefiskanlegget.

Mowi ASA avd. Rovde har i dag eit løyve etter akvakulturlova til å produsere 2,0 millionar smolt årleg, tilsvarande ein produksjon på omtrent 230 tonn i året. Anlegget planlegg å søke om å utvide produksjonen i anlegget. Det gamle anlegget skal delvis rivast og utvidast med eit heilt nytt RAS anlegg for produksjon av smolt og postsmolt. Det skal nyttast både sjø- og ferskvatn i anlegget. Planlagt utviding skal skje innanfor rammene for vassbruk i gjeldande vassdragskonsesjon frå NVE av 30.11.2009.

Auken i produksjon vil vere både i tal fisk og biomasse. Det vert planlagt med ein produksjon frå innsett av augerogn og fram til ca. 670 grams postsmolt. Anlegget vil kunne levere fire grupper med 2,2 millionar postsmolt gjennom året utan at gruppene overlappar kvarandre i anlegget. Dette utgjer ein årsproduksjon på 8,8 millionar leverte postsmolt og til saman 6000 tonn levert mengde fisk.

Mengde nytt spedevatn (ferskvatn og sjøvatn) i heile anlegget er berekna til eit gjennomsnitt på 8,29 m³/min i året varierende frå 3,55 til 15,64 m³/min ved maksimal biomasse i anlegget. Postsmoltavdelinga (RAS 4) er tenkt drifta med delvis bruk av sjøvatn. Resten av anlegget skal driftast med reint ferskvatn og dei minste avdelingane skal også kunne bruke ferskvatn ved gjennomstrøyming. Samla for heile anlegget i normal drift på RAS og sjø i dei store avdelingane vil mengda ferskvatn utgjere eit gjennomsnittleg forbruk på 3,42 m³/min i løpet av året varierende frå 1,79 til 5,72 m³/min ved maksimal biomasse i



anlegget. I tillegg vil det vere noko nedtapping/oppfylling av kar og tilliggjande bruk av ferskvatn, samt at startforing også kan driftast med gjennomstrøyming. Dette krev maks 4,5 m³/min ferskvatn og mengda inngår i berekninga av maksimalt vassforbruk (ferskvatn og sjøvatn) ved maksimal biomasse i anlegget (15,64 m³/min).

NVE si vurdering

NVE behandlar uttak av ferskvatn til settefiskanlegg og andre akvakulturanlegg etter vassressurslova. Vassressurslova har som formål å sikre samfunnsmessig forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. I tråd med gjeldande regelverk skal det avklarast med NVE om søknad om utvida produksjon skal behandlast etter vassressurslova.

NVE er positive til at de med hjelp av resirkuleringsteknologi kan auke produksjonen i anlegget frå 230 tonn til 6000 tonn i året. Produksjonsplan viser at maksimal bruk av ferskvatn i heile anlegget etter utbygging vert 10,22 m³/min (170 l/s). Vassforbruket de oppgir ligg innanfor det som er tillate i gjeldande vassdragskonsesjon.

NVE gjer merksam på at anlegget ikkje har tilgang på ein magasinreserve, og at vassuttaket til ei kvar tid må tilpassast avrenning frå nedbørfeltet. Anlegget må difor kunne redusere behovet for nytt vatn inn i anlegget for å sikre drifta i periodar med kritisk lita vassføring i vassdraget. Det er i konsesjonen vilkår om slepp av minstevassføring på minimum 50 l/s i perioden 15. mai-15. september, og 25 l/s resten av året. Selskapet har ikkje løyve til å ta ut ferskvatn til settefiskanlegget dersom tilsiget til målepunkta for minstevassføring er lågare enn dette.

Konklusjon

På bakgrunn av at utvidinga skal skje ved bruk av resirkuleringsteknologi innanfor rammene i gjeldande vassdragskonsesjon, vurderer NVE at utvidinga ikkje vil medføre behov for ny behandling etter vassressurslova.

NVE gjer oppmerksam på at det er Mowi ASA sitt ansvar å halde seg innanfor den gjeldande konsesjonen av 30.11.2009, med dei vilkår og krav som følgjer av vassressurslova og tilhøyrande forskrifter.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar



Mottakarliste:

MOWI ASA

Kopimottakarliste:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Vanylven kommune